

## BOKN KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Torsdag **13. februar 2014** blei det halde møte i Bokn kontrollutval under leiing av utvalsleiar Daghild G. Alvestad.

<b>MØTESTAD:</b>	Boknatun, allrommet
<b>MØTESTART/-SLUTT:</b>	kl. 18.00 – kl. 19.10
<b>MØTANDE MEDLEMMER:</b>	Daghild G. Alvestad (Sp), Olav L. Rossebø (H) og Christine Berge Christiansen (A)
<b>MØTANDE VARAMEDLEM:</b>	Ingen
<b>FORFALL:</b>	Ingen
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ REVISJONEN MØTTE:</b>	Revisor/partner Else Holst-Larsen, Deloitte as
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL SAKLISTE:</b>	Ingen

### FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

#### **SAK 1/14 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 07.11.13**

##### **Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 07.11.13 blir godkjent slik den ligg føre.

##### **Handsaming i kontrollutvalet 13.02.14:**

Utvalet hadde ingen merknader.

##### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 13.02.14:**

*Protokoll frå møte i kontrollutvalet 07.11.13 blir godkjent slik den ligg føre.*

## **SAK 2/14 REFERATSAKER 13.02.14**

1. Møteplan 2014
2. Kom.styrevedtak 17.12.13, sak 42 – Forvaltningsrevisjonsrapport- økon. sosialhjelp
3. Kom.styrevedtak 17.12.13, sak 43 – Oppfølging av gjennomført kontroll i IKA IKS
4. Kom.styrevedtak 17.12.13, sak 49 – Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg for 2014
5. Årsrapport 2013 - Skatteoppkrevjaren i Bokn
6. Skatterekneskapen 2013 - Bokn kommune
7. Brev frå kontrollutvalet om avviksrapportering
8. Tilbakemelding til kontrollutvalet om avviksrapportering v/rådmannen
9. Oversending frå utvalsleiar om kommunen sitt post- og datasystem
10. NKRF - Kontrollutvalskonferansen 2014 – evaluering
11. Statusrapport pr februar 2014
12. Fylkesmannen – informasjon om statleg tilsyn med kommunane i Rogaland 2014

### **Handsaming i kontrollutvalet 13.02.14:**

Utvalet gjekk i gjennom sakene. Utvalet merka seg at det er ført opp tilsyn med vassverket og beredskap i løpet av året. NKRF-konferansen tok opp mange interessante tema og var bra gjennomført. Utvalet viste til at dei også tidligare har drøfta kommunen sine postrutinar. Utvalet vedtok i møte 02.11.10, sak 10/10 følgjande:

*Kontrollutvalet merker seg ass. rådmannen sin tilbakemelding av 30.09.10 om rutinar for e-post.*

*Kontrollutvalet vil vise til forvaltningslova § 11a om førebels svar og meiner at det å svare på post er ein del av kommunen og administrasjonen sitt ansikt utad.*

*Kontrollutvalet vil be om at administrasjonen får plass gode nok rutinar slik at brukarane av kommunale tenester opplever kommunen som meir effektiv og imøtekommande.*

Utvalet ønskte å få ei ny tilbakemelding om kommunen sine post/arkivrutinar til neste møte. Etter det ville dei bestemme seg for om dette skulle vere aktuelt prosjekt for forvaltningsrevisjon.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 13.02.14:**

*Referatsakene 1- 12 blir tatt til orientering.*

*Kontrollutvalet vil be om ei skriftleg tilbakemelding til neste møte om korleis post- og arkivrutinane i Bokn kommune fungerer og om krava i arkivlova og offentleglova blir følgde.*

## **SAK 3/14 KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING FOR 2013**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet i Bokn godkjenner årsmelding for 2013.  
Bokn kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding 2013 til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 13.02.14:**

Utkastet blei gjennomgått og utvalet hadde ingen merknader.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 13.02.14:**

*Kontrollutvalet i Bokn godkjenner årsmelding for 2013.*

**Samrøystes innstilling til kommunestyret 13.02.14:**

*Bokn kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding 2013 til orientering.*

**SAK 4/14 VAL AV NYTT FORVALTNINGSPROSJEKT FOR 2014**

***Sekretariatet si innstilling:***

Bokn kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet ..... til møtet i mai.

**Handsaming i kontrollutvalet 13.02.14:**

Utvalet drøfta prosjekta i vedtatt plan: pasient- og brukarrettar innan helse/omsorg, handtering av sjukefråver, barnevern og Samhandlingsreforma (ikkje-prioritert rekkjefølgje). Utvalet er også gjeven fullmakt til å ta inn andre prosjekt med høgare nytteverdi. Utvalet var samd i å vente med å ta stilling til val av prosjekt i til dei har sett svar om postrutinane.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 13.02.14:**

*Bokn kontrollutval utset val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt til neste møte.*

**Eventuelt** (Ingen saker meldt eller tatt opp)

Neste møte

Etter møteplan er dato sett til torsdag **22. mai** kl. 18.00. Årsrekneskap og revisor si revisjonsmelding vil bli lagd fram. Uttalen vil då følgje til formannskapet sitt møte 3. juni og kommunestyret 17. juni.

Bokn, 13. februar 2014

Daghild G. Alvestad  
Utvalsleiar (sign.)

Toril Hallsjø  
utvalssekretær (sign.)